

Mange ville ha komle.

16.03.2017



Svært mange ville kosa seg med komlemiddag i dag.

Det kan ikkje vera lett for Roy Lervåg på Oska i Uskedalen å berekna kor komlesvoltne kvinnheringane er. Sist han hadde komlebuffè var det berre 5 gjester, men i dag var det tilbake på gamle høgder. Då underteikna kom litt over kl.16 var det så godt som fullt i lokalet, og det vart fortalt at ein god del alt var ferdige med det gode måltidet.

Etter den svake responsen sist var Roy Lervåg denne torsdagen for første gong åleine om å stå for komlemiddagen. Tidlegare har han alltid hatt ein eller fleire medhjelparar. Trass i dette fekk han ting til å gå bra unna, sjølv om han beklaga at det nokre gonger gjekk litt lang tid med å rydda borda til dømes. Jammen må vi sei han var effektiv der han styrte alle operasjonar. Gjestene kom frå heile kommunen, - også Halsnøy. Når vi tar omsyn til den store auken i besøk frå sist, kan vi ikkje vera anna enn storleg imponert over at han hadde komlemiddag til gjestene fram til klokka passerte 17. På det tidspunktet kom det også eit bordlag som hadde bestilt ein annan middagsrett. Neste kompletorsdag er den 30.mars.

No får vi håpe at det gledelege frammøtet vert fulgt opp med mange lag på quizen i morgon. Det er alt meldt på nokre lag, men det er plass til fleire. Før og etter spørsmålsrundane med quizmaster Sammy serverer kjøkkenet ei god krydra kjøttgryte.

Laurdag er det ein ny skreikveld, før SmakifråOska lokkar med velsmakande Biff Stroganoff til søndagsmiddag der desserten som alltid er inkludert. Her må ein hugsa å bestilla bord.

Elles kunne Roy Lervåg fortelja om god interesse for konserten med Jazzverket og Vegard Døssland 1.april. Der er bordbestillingane byrja koma inn, og i løpet av komlemiddagen i dag var det fleire som bestilte.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland